



## MØTEPROTOKOLL ELDRERÅDET

**Møtedato:** 01.12.2021  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 11:00 - 13:30

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Heidi Rongved	AP	Utvalseiar
Agnar Sellevold		Nestleiar
Mona Grenasberg	SV	Medlem
Ragnhild Margrethe Falch Vatile		Medlem
Anna Bruvik		Medlem

---

### Andre møtande:

Solrun Hauglum, sekretær og kommunalsjef Helse og meistring  
Kenneth Stokke, økonomisjef, var til stades under sak 19/2021

---

## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
15/2021	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
16/2021	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
17/2021	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
18/2021	REFERATSAKER OG MELDINGAR
19/2021	FRAMLEGG TIL BUDSJETT - UTTALE



**15/2021: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Eldrerådet 01.12.2021**

**Behandling:**

**ELD - sak 15/2021 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**16/2021: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert teke til orientering.

**Eldrerådet 01.12.2021**

**Behandling:**

Solrun Hauglum, kommunalsjef helse og meistring, orienterte om vidare arbeid med Leve heile livet. Plan for satsinga i kommunen vert lagt fram til politisk behandling etter nyttår. Kommunalsjefen takka for engasjement frå Eldrerådet ved gjennomføring av innspel- og dialogmøtet i Turbinen 21.10.2021. Muntlege og skriftlege innspel vert teke med vidare i prosessen.

Agnar Sellevold, nestleiar i Eldrerådet, orienterte om at Bygdeutviklingsutvalet har innvilga inntil kr. 32.000 i tilskot til vøle av turvegen mellom Dalegarden og Johagen. Eldrerådet i Vaksdal har søkt saman med pensjonistforeiningane i kommunen. Ein vil venta til våren med dugnad på veggen. Sak og vedtak frå Bygdeutviklingsutvalet ligg ved sakspapira som referatsak.

Agnar Sellevold orienterte om møte med Samnanger Eldreråd. Dei tok kontakt for å få orientering om korleis eldrerådet i Vaksdal jobba, og Agnar stilte etter avtale med leiar Heidi Rongved på møtet.

**ELD - sak 16/2021 Vedtak/Tilråding:**

Saka vert teken til orientering.

---

**17/2021: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**



**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Eldrerådet 01.12.2021**

**Behandling:**

**ELD - sak 17/2021 Vedtak/Tilråding:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**18/2021: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tekne til orientering.

**Eldrerådet 01.12.2021**

**Behandling:**

Eldrerådet ser positivt på prosjektet med legevaktbil som er eit eitårig prosjektsamarbeid mellom Voss Interkommunale Legevakt og Helse Bergen.

Eldrerådet støttar Voss herad sitt arbeid med å få etablert og beholda desentraliserte spesialisthelsetenester i regionen. Det er sterkt ønskjeleg å få attende tilbodet ein tidlegare hadde med audiograf/audiolog i kommunen.

**ELD - sak 18/2021 Vedtak/Tilråding:**

Referatsakene vert tekne til orientering. Eldrerådet støttar Voss herad sitt arbeid med å få etablert og beholda desentraliserte spesialisthelsetenester i regionen og ønskjer å få attende tilbodet Vaksdal kommune tidlegare hadde med audiograf/audiolog i kommunen.

---

**19/2021: FRAMLEGG TIL BUDSJETT - UTTALE**



**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

**Alternativ 1**

Utvalet/rådet gjev følgjande uttale til Budsjett 2022: \_\_\_\_\_

**Alternativ 2**

Utvalet/rådet tek saka til orientering.

**Administrasjonsutvalet 30.11.2021**

**Behandling:**

**På vegne av fagforbundet la Margrethe Kydland fram følgjande tilleggsforslag:**

Administrasjonsutvalet understreker at det er viktig at arbeidstakarorganisasjonane blir involvert så tidleg som mogleg ved omorganisering eller andre tiltak som følge av budsjettet. Administrasjonsutvalet meiner at ingen skal seiast opp som følge av innsparingar eller omorganisering.

Thor Andersen, Ap gjekk gjennom Arbeidarpartiet sitt tilleggsforslag for budsjett 2022. Endingsforslaget var ikkje endeleg og det vil bli justeringar før det vert lagt fram for kommunestyret 14. desember.

**På vegner av SV, Høgre og Frp la Erlend Hesjedal- Johannessen fram følgjande tilleggsforslag:**

Administrasjonsutvalet understreker at det er viktig at arbeidstakarorganisasjonane blir involvert så tidleg som mogleg ved omorganisering eller andre tiltak som følge av budsjettet. Administrasjonsutvalet meiner at ingen skal seiast opp som følge av innsparingar eller omorganisering.

Administrasjonsutvalet tek saka til orientering.

Fagforbundet sitt forslag vart sett opp mot SV,H og Frp sitt forslag til vedtak:

Fagforbundet sitt vedtak fekk 4 stemmer (Thor Andersen, Ap, Heidi Rongved, Ap, Alexandra Nilsen, Fagforbundet, Margrethe Kydland, Fagforbundet) mot fellesforslaget som fekk 4 stemmer (Kjartan Haugsnes, SV, Erlend Hesjedal- Johannessen, H, Trond Olav Magnussen,H, Boris Groth, Frp).

Dersom tal stemmer for dei ulike forslaga er likt, er det møteleiar Kjartan Haugsnes, SV sin stemme som vart avgjerande, jamfør kommunelova § 11-9 og forslaget til SV, H og Frp vart vedteke.

**ADM - sak 16/2021 Vedtak/Tilråding:**

Administrasjonsutvalet tel saka til orientering.



Administrasjonsutvalet ber om at arbeidstakarorganisasjonane vert involvert så tidleg som mogleg ved forslag budsjett, omorganisering eller organisasjonsendring. Vaksdal Kommune har som målsetting at ingen skal seiast opp som følgjer av omstillingsprosessar. Eventuell nedbemanning skal først løysast gjennom frivillege avtalar, omplassering til anna arbeid i kommunen eller omskulering - vidareutdanning.

### Eldrerådet 01.12.2021

#### **Behandling:**

Økonomisjef Kenneth Stokke presenterte kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2022 samt posisjonen med FRP sitt budsjettforslag og svara på spørsmål.

Eldrerådet drøfta saka og gjekk gjennom uttale til budsjett 2022 frå Brukarutvalet for institusjonane. Kommunalsjef Solrun Hauglum orienterte og svara på spørsmål frå rådet.

#### **ELD - sak 19/2021 Vedtak/Tilråding:**

Eldrerådet gir følgjande uttale til Budsjett 2022:

- Eldrerådet ønskjer å få omsorgsbegrepet med att i namnet på tenesteområdet. Forslag: Tenesteområde for helse, meistring og omsorg.
- Eldrerådet støttar uttalen frå Brukarutvalet for institusjonane.
- Eldrerådet ønskjer å auka dagsentertilbodet på Dale, anten ved fleire opningsdagar, ved å tilby plass på Vaksdal, eller ved å samarbeida med frivillige.
- Ein bør unngå å redusera tal nattevakter i heimetenesta, både med tanke på tilbodet til brukarane og tryggheta for dei tilsette.
- Avbestilling av middag for heimebuande bør kunne gjerast seinast ei veke før levering, og ved sjukehusinnlegging må ein melda frå så raskt som råd. Setninga "Det vert ikkje gitt frådrag for opphald på sjukehus og liknande" bør strykast.
- Eldrerådet ber kommunen ha fokus på aldersvenleg samfunn og på bygging av aldersvenlege bustadar.

### Levekårsutvalet 07.12.2021

#### **Behandling:**

Kommunalsjef for Helse og Meistring Solrun Hauglum orienterte om framlagt budsjett for sitt tenesteområde.

Kommunalsjef for oppvekst og kultur Ann Kristin Bolstad orienterte om framlagt budsjett for sitt tenesteområde.

#### **På vegne av SV, Sp og Høgre la Line Kydland, SV fram følgjande:**

Opningstider og kvalitet i barnehagane i Vaksdal.



Vaksdal kommune er ein stor pendlarkommune, 50 % eller omlag 870 av dei som bur i Vaksdal pendlar ut av kommunen kvar dag. Til samanlikning er det omlag 1300 som pendlar ut kvar dag frå Voss. 12. desember 2021 endrar VY rutetidene for de viktigaste pendlartoga på Vossebanen. Dette kan gjere kvardagen meir utfordrande for våre innbyggjarar, der ein eller begge pendlar til Bergen.

Med dette som bakteppe ønskjer Sp, SV og Høgre i Levekårsutvalet presisere følgjande i høve budsjettframlegget frå partia slik det ligg føre:

1. Det er avsett midlar til ein (1) heil stilling i barnehage. Denne vert gjort permanent.
2. Kommunen skal kartlegge trong for utvida opningstid frå kl. 17.00 til 17.15 i ein (1) barnehage i 2022.
3. Utvida opningstid vert eventuelt innført frå nytt barnehageår, august 2022.
4. Levekårsutvalet ber om at ein i 2022 får ei utgreiing om korleis bemanning, bornegrupper, og krav frå staten, vert handsama i barnehagane våre og om bemanning vi har i dag er stor nok/bornegruppene små nok til å stette krava i lovverket.

Kommunedirektøren sitt alternativ 1 med fellesforslaget sine 4 punkt vart sett opp mot kommunedirektøren sitt alternativ 2 som var å ta saka til orientering.

Alternativ 1 med fellesforslag vart vedteken med 5 stemmer (Line Kydland, Line Eide Vik, Trond Olav Magnussen, Evy Kvamme, Amalie Johnsen Lunde) mot 2 stemmer (Ole Anders Brekkhus, Lisa Johnsen Lunde) for alternativ 2.

### **LEV - sak 24/2021 Vedtak/Tilråding:**

#### **Utvalet gjev følgjande uttale til Budsjett 2022:**

1. Det er avsett midlar til ein (1) heil stilling i barnehage. Denne vert gjort permanent.
  2. Kommunen skal kartlegge trong for utvida opningstid frå kl. 17.00 til 17.15 i ein (1) barnehage i 2022.
  3. Utvida opningstid vert eventuelt innført frå nytt barnehageår, august 2022.
  4. Levekårsutvalet ber om at ein i 2022 får ei utgreiing om korleis bemanning, bornegrupper, og krav frå staten, vert handsama i barnehagane våre og om bemanning vi har i dag er stor nok/bornegruppene små nok til å stette krava i lovverket.
-



**Eventuelt:**

- Tilpassing og vedlikehold/service av høyreapparat. Ein saknar tilbodet Høyresentralen tidlegare hadde i kommunen. No må innbyggjarane reisa til Bergen eller lenger for høyrsestestar og enkelt vedlikehold av apparat. Eldrerådet ønskjer å få attende denne avtalen med spesialisthelsetenesta og ber sekretær sjekka om det kommunale hjelpemiddellageret kan bistå med enkel reingjering og service av høyreapparat.
- Spørsmål om den nye avdelinga for tverrfagleg helse under tenesteområde Helse og meistring. Kommunalsjef Solrun Hauglum svara og orienterte om avdelinga.